



Frå nummeret Kvinnherad kommunestyre(barnehagedebatt) med m.a. Elisabeth Rebaudo, Tone H. Moen og Lars A. Sæbø.

OPPDATERT: Det var fullsett sal, og latterkulene kom tett då årets russerevy Et drikkehjem - russen vaknar hadde premiere i Kulturhuset Husnes torsdag kveld. Dei unge revyartistane, dei fleste debutantar, boltra seg på scenen, og responsen frå publikum var som forvent; - ståande, langvarig og taktfast applaus.

Vel 40 av årets russekull deltok på og bak scenen under revyen som vitna om svært godt teamarbeid. Totalt fekk publikum servert 15 innslag. Noko var sjølvstg tradisjonelt stoff. Lærarparodiar høyrer også alltid med, og var ein sikker vinnar også i år, kreativt innpakka som dei var. Kvardagsprat i Kvinnherad og Kommunestyret i Kvinnherad var og sikre kort. Her var jo mykje godt stoff å byggja på. Russen viste både kreativitet og flott skaparevne i mange nummer. Samla vart dette svært god underhaldning. Dei fortener også full sal under neste førestilling som er på laurdag. Det vert sagt at billettsalget går bra, og etter kveldens premiere vil det truleg auka ytterlegare.

Blant aktørane på scenen var det fleire som viste talent utover det vanlege. Blant skodespelarane var det 4 uskedelingar. Både Susanne Løland Eik, Lars Andres Sæbø, Elisabeth Rebaudo og Tone Helen L.Moen gjorde ein framifrå innsats i mange roller. Ved å klikka dåke inn her kan de lesa [Kvinnheringen sin omtale av den glitrande revyen.](#)

For dei som ikkje fekk med seg premieren på årets russerevy, er det berre å ta turen laurdag. Det gjev god avslapping og mykje moro på ein mørk novemberkveld. **Det er tydeleg at ordet om den gode revyen har gått. Også under den 2. førestillinga laurdag var det mykje folk; - om lag fullsett i midtfeltet og ein del i sidefeltet. Ensemblet var i storform, det vart ei kveldsstund med kreativ underhaldning, god flyt og gode skodespelarprestasjonar. Det var mange talent på scena, i tillegg til kreativt og godt førearbeid. Eg opplevde ikkje eit einaste daudpunkt. Russen ville ha scora høgt om eg kasta terning! Takk til russen for flott underhaldning på ein laurdagskveld!**



Frå dansennummer



Frå Fjellvettreglane.



Lærarparodi.



[Kvardsprat i KvH med tema kvinnelege prestar. Elisabeth Rebaudo i midten som ny kvinneleg prest.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frode Sæbø